

Rettleiing – Borgarleg vigsel i Sykkylven kommune

Ny kommunal oppgåve frå 1. januar 2018

Innhold

1 Lovhenvisningar.....	3
2 Vigslarar i Sykkylven kommune.....	3
3 Vedtak om delegert mynde.....	3
4 Vigselsstilbodet i Sykkylven kommune.....	4
4.1 For kven.....	4
4.2 Kostnad.....	4
4.3 Vigselslokale.....	4
5 Førebuing til vigsel.....	4
5.1 Prøvingsattest.....	4
5.2 Avtale dato og vigslar.....	4
5.3 Klargjering av vigselslokale.....	5
6 Gjennomføring av vigsel.....	5
6.1 Vitnar.....	5
6.2 Legitimasjon.....	5
6.3 Borgarleg vigselsformular.....	5
6.4 Vigselsmelding.....	5
7 Vidare oppfølging og arkivering.....	6
7.1 Midlertidig vigselsattest til brudeparet.....	6
7.2 Registrering av vigsel hos folkeregisteret.....	6
7.3 Arkivering av dokumentasjon.....	6

1 Lovhenvisningar

[Ekteskapsloven](#)

[Forskrift om kommunale vigslar](#)

[Rundskriv Q-11/2017 – Kommunale vigslar](#)

2 Vigslarar i Sykkylven kommune

Ordførar og varaordførar har direkte mynde etter lova til å foreta borgarleg vigsel, jf. ekteskapsloven § 12. Kommunestyret kan delegere vigselmynde til personar som er tilsett eller folkevald i kommunen. Det kan også trekke tilbake vigselmynde. Vigselmynda opphøyrer dersom den folkevalde trer ut av sitt folkevalde verv eller vigslaren sitt tilsettingsforhold i kommunen blir avslutta.

Frå 1. januar 2018 har følgjande roller delegert vigselmynde i Sykkylven kommune, jf. kommunestyresak PS 72/2017:

- Ordførar
- Varaordførar
- Rådmann
- Kommunalsjefar

3 Vedtak om delegert mynde

Kommunestyret gjorde slikt vedtak den 12.12.2017 (sak PS 72/17):

1. Sykkylven kommunestyre gir rådmann og kommunalsjefar delegert mynde til å gjennomføre kommunal vigsel. Ordførar og varaordførar har direkte vigselmynde etter lova.
2. Formannskapssalen blir i utgangspunktet kommunen sitt vigsellokale. Rådmannen får fullmakt til å jobbe vidare med alternative lokale og til å godkjenne eventuelt andre lokale som kan brukast til kommunal vigsel, jf. sak om livssynsnøytrale seremonirom.
3. Tilbodet skal avgrensast til kommunen si ordinære opningstid og blir berre gjennomført i lokale som kommunen har godkjent til vigsel.
4. Kommunestyret delegerer til rådmannen å utarbeide lokale forskrifter for praktisk gjennomføring av vigsel.

4 Vigselstilbodet i Sykkylven kommune

4.1 For kven

Sykkylven kommune tilbyr vigsel for alle personar som oppfyller vilkåra for å inngå ekteskap i Noreg etter kapittel 1 i ekteskapsloven.

4.2 Kostnad

Vigselstilbodet i Sykkylven kommune er i utgangspunktet gratis for personar som er folkeregistrert i kommunen og personar som ikkje er busett i Noreg. Personar frå andre kommunar må betale eit gebyr til Sykkylven kommune.

Dersom brudeparet har tilleggsønskjer til det som i utgangspunktet blir tilbydd, må dette betalast for eller ordnast av brudefolka sjølv. Dette må avklarast i god tid før vigsel.

4.3 Vigselslokale

Sykkylven kommune tilbyr to alternativ til vigselslokale:
Formannskapssalen
Berlihuset

Dersom brudeparet ønskjer vigsel på Berlihuset, må dei bestille, pynte og betale dette sjølv.

Sykkylven kommune legg til rette i formannskapssalen med enkel pynt. Antall gjestar må avklarast på førehand. Så langt som råd er, vil det bli lagt til rette for sitjeplassar også for gjestar.

5 Førebuing til vigsel

5.1 Prøvingsattest

Brudeparet må innhente prøvingsattest frå folkeregisteret. Denne er gyldig i fire månader. Det er ein fordel at prøvingsattest ligg føre når brudeparet kontaktar kommunen.

Prøvingsattesten må leverast eller sendast til kommunen seinast ei veke før vigselen.

5.2 Avtale dato og vigslar

Det er Servicetorget i kommunen som tar imot førespurnad frå brudepar som ønskjer borgarleg vigsel. Det blir nytta eget kontaktskjema for vigselen.

Vigselsdag i Sykkylven kommune er fredag. Brudeparet kan kome med ønska dato for vigsel (minst to alternative datoar). Dei kan også uttrykke ønske om kven dei ønskjer som vigslar.

Servicetorget avklarar så kven som skal vere vigslar og avtaler tidspunkt med denne. Det må også sjekkast om det aktuelle lokalet er ledig. Brudeparet får så tilbakemelding på vigslar og tidspunkt.

5.3 Klargjering av vigselslokale

Kommunen har ansvar for å klargjere vigselslokalet. Pynt m.m. utover det kommunen tilbyr, må brudeparet ordne sjølv.

6 Gjennomføring av vigsel

6.1 Vitnar

Minst to vitnar må vere til stade under seremonien, jf. ekteskapsloven § 11, andre ledd. Dette kan være forlovarar eller andre myndige personar.

6.2 Legitimasjon

Brudeparet og vitna skal legitimere seg før vigselen.

6.3 Borgarleg vigselsformular

Vigslar skal lese opp det borgarlege vigselsformularet under seremonien. Vigselsformularet kan også lesast på engelsk. Dette må avklarast på førehand.

Seremonien kan tilpassast med t.d. tekst og musikk ut over dette, dersom brudeparet ønskjer det. Dette må i så fall avklarast med kommunen og vigslar i god tid før vigselsdato.

6.4 Vigselsmelding

Prøvingsattesten frå folkeregisteret utgjer også melding om vigsel og vigselsbok. Nedre del av skjemaet (*Melding om vigsel*) skal fyllast ut av vigslar. Brudeparet og vitna skal underteikne vigselsmeldinga.

7 Vidare oppfølging og arkivering

7.1 Førebels vigselfattest til brudeparet

Bekrefta kopi av utfylt og signert vigselfbok blir sendt til ekteparet per post innan 3 virkedagar etter vigsel. Dette er ekteparet sin førebelse vigselfattest.

7.2 Registrering av vigsel hos folkeregisteret

Bekrefta kopi av utfylt og signert vigselfbok skal sendast til folkeregistermyndigheit seinast tre dagar etter vigsel. Folkeregistermyndigheit vil så sende ut endeleg vigselfattest til ekteparet.

7.3 Arkivering av dokumentasjon

Dokumentasjon som skal arkiverast i kommunen sitt sak-/arkivsystem:

Prøvingsattest

Utfylt og signert vigselfbok

Utfylt og signert kontaktskjema for vigsel

Utgående brev som dokumenterer hendingane i pkt. 7.1 og pkt. 7.2 over

Punkt 7.3 leggest inn som rutine i kommunens arkivplan.